

Anja Vik

Fra: Bjørn-Atle Mikkelsen <Bjorn-Atle.Mikkelsen@hfk.no>
Sendt: 10. februar 2015 20:28
Til: Anja Vik
Kopi: Bjørn-Atle Mikkelsen

Til ARD
Ved Anja Vik.
Arealplanlegger.

Viser til møte med deg i dag 10.02.2015 kl. 09.30, angående til sendt brev (ard 014044) «varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid»

Vi er eiere av Åsgard 39 gårds og bruksnummer 22/19. Vi har tinglyst adkomstrett til vår eiendom. Denne rett er av 26. januar 1972 –dagbok 634. Adkomstrett er koplet opp mot hovedbruk Åsgard 37 (22/24) da vår eiendom ble utskilt fra denne. Daværende selger og eier av denne eiendom var Lars Åsgard. Siden 1972 har vi brukt og vedlikeholdt denne veien til vår eiendom.

I tilsendt «varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid» vil vår vei komme i konflikt med gårds og bruksnummer 22/16 og 22/6.

Nedenfor nevnte eiere protester mot forslaget som er framlagt, da dette vil frata oss tilkomst til vår eiendom. Som jeg nevnte til deg i møte har vi aktivt prøvd å kjøpe oss inn i vei til eiendom 22/24 uten å lykkes. Om reguleringsplan blir satt i verk som vist på tegninger, vil dette innebære en vesentlig verdiforringelse av vår eiendom noe vi selvsagt ikke er innstilt på

Hvis det videre reguleringsarbeid fortsetter uten å ta hensyn til vår rettighet vil vi selvsagt bestride dette også rettslig. Imøteser deres svar på dette, samt bekreftelse på at dere har mottatt denne mail.

Hilsen

Eiere av 22/19 Åsgard 39

Bjørn-Atle Mikkelsen
Frode Mikkelsen
Ann Daniella Hetland Svanbring
Alexander Svanbring

Ard arealplan as

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 2. februar 2015 07:31
Til: Ard arealplan as
Emne: Til uttale - Oppstart - Lindås - Gnr 22 Bnr 6 16 17 mfl - Åsgard småbåthamn
- Detaljregulering

Vi syner til brev dagsett 29.01.15 og varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Åsgard småbåthamn.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.


mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland



Statens vegvesen

Ard areplan
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN



Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2015/014478-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.02.2015

Varsel om oppstart reguleringsplan - Åsgard småbåthamn - gnr. 22 bnr. 6 / 16 og 17 m. fl. - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 29.01.15 med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Åsgard småbåthamn, gnr. 22, bnr. 6, 16, 17 m. fl. i Lindås kommune.

Planområdet er på om lag 52 daa og ligg på Åsgard, langs med Vågane, like sør for Fuglevikneset. For å kome til planområdet køyrer ein om lag 6 km nordover på fylkesveg 395 Hindenesvegen frå krysset med riksveg E39 så fører den kommunale vegen Åsgard fram til planområdet.

Planområdet inneheld ei rad med eigedomar langs sjøkanten i tillegg til to tidlegare fabrikkbygg, Åsgard 29 og 31, tidlegare tilhøyrande Asgard møbelfabrikk som heldt til her fram til 1969. Dei to byggja har i den seinare tid vore brukt til lager for båtar m.m. Areala langs sjøkanten er teke med for å kunne vurdere om dei kan nyttast til naustområder. I tillegg er eit større areal i sjø teke med for å kunne vurdere eventuelle ankerfeste for flytebrygger.

Då planen legg opp til mogeleg naustområde, tilrettelegging for småbåthamn, parkeringsplassar og utbygging av to einebustader eller ein to-mannsbustad tilrår vi at planområdet vert utvida til å omfatte den kommunale vegen fram til og med krysset til fylkesveg 395 slik at det kan vurderast trafikkisikringstiltak på den kommunale vegen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen

Ard Arealplan AS
7 Etasje
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Planuttale - Oppstart av detaljregulering - gnr-bnr 22-6, 16, 17 mfl. Lindås kommune, Åsgard Småbåthamn – Ard Arealplan AS

Vi viser til brev om planuttale mottatt hertil den 02.02.2015 vedrørende ovennevnte.

Bergen og Omland havnevesen (BOH) har fått delegert myndigheten som tilligger kommunen etter Lov om havner og farvann (hfl.) av 17. april 2009 nr. 19, jf. § 10 fra Askøy, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Lindås, Meland, Os, Radøy, Sund og Øygarden kommune.

Hfl. har som formål å legge til rette for god fremkommelighet, trygg ferdsel og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet i samsvar med allmenne hensyn og hensynet til fiskeriene og andre næringer.

Vurdering av planforslaget

Det er beskrevet i mottatt brev at det blant annet ønskes å etablere en småbåthavn. Plankartet viser ikke konkrete tiltak i sjø. Vi ber derfor om å få tilsendt tegninger når disse er ferdig utarbeidet. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.

Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.

Med hilsen
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN

Jarle Berggraf - saksbehandler

Dette dokumentet er godkjent elektronisk.

Ard arealplan as

Fra: Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@bsj.uib.no>
Sendt: 9. mars 2015 13:48
Til: heidi.handeland@hfk.no
Kopi: Ard arealplan as
Emne: Vedr. Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Åsgard småbåthamn, gbnr. 22, bnr. 6,15, 17 m.fl. Lindås Kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Ard Arealplan ref.: ard014044

Vår ref. 15/0130/79M

Bergen, 09.03.2015.

Vedr. Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Åsgard småbåthamn, gbnr. 22, bnr. 6,15, 17 m.fl. Lindås Kommune. Forholdet til marine kulturminne

Me viser til brev frå Ard Arealplan datert 29.01.2015.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne i Vågane i Lindås kommune som kan bli direkte råka av tiltak i planområdet. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til oppstarten av planarbeidet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under eventuelt arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>



BERGENS SJØFARTSMUSEUM
MARINARKEOLOGI

Ard arealplan AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 17.03.2015
Vår ref.: 2015/1279-3
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplanarbeid, Åsgård småbåthamn - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 29.01.15 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Åsgård småbåthamn, gnr.22, brn 6, 16 m.fl, Lindås kommune. Hovudføremålet med reguleringa er småbåthamn og naust. Føremålet er dels i strid med kommuneplan der området er sett av til småbåthamn og bustad. Det kjem ikkje fram om kommunen har vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Strandsone
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

Planfagleg

Hordaland fylkeskommune vil gjere merksam på at endring av føremål hovudsakleg skal gjerast som del av kommuneplan.

Meir om strandsone og landskap

Planområdet ligg innafor den funksjonelle strandsona. Strandsona er ein avgrensa ressurs og omsynet til ålmenn tilgjenge må vektleggast sterkt. Vi ber om at ein har omsyn til dette i det vidare planarbeidet og viser til dei vedtekne arealpolitiske retningslinjene for strandsona i Hordaland. Desse gjev viktige føringar for forvaltning og planlegging.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Då planområdet omfattar areal i sjø har vi lagt saka fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av planarbeidet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, strandsone, landskap, kulturminne, næringsutvikling, samferdsel, universell utforming

Marit Rødseth
plansjef

Hanne Kathrin Vie
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen – Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Deres ref.: ard014044
Vår ref.: 11523194

Dato: 13.04.2015

Merknad Åsgard småbåthavn varsel om oppstart reguleringsplanarbeid

BKK Nett AS viser til mottatte høring datert 29.01.2015.

Hensyn til høyspent distribusjonsnett, nettstasjon, kabler

Innenfor regulert område, har BKK Nett AS 22 kV høyspenningslinje og nettstasjon. Disse høyspenningsanleggene inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen.

Nevnte anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon, jf. energiloven § 3-2. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

Dersom planen skal forutsette omlegging av eksisterende høyspenningsanlegg, må det settes av plass til nye traseer for nett og nettstasjon. Dersom det vil være behov for nye 22 kV nettstasjoner i forbindelse med forsyning av nye uttak, må det settes av areal til formålet.

Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningsanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnaden med dette. BKK Nett AS vil kreve full kostnadsdekning. Vi viser til vedlagt kartskisse som viser eksisterende nettanlegg i planområdet.

Kontaktinformasjon

Dersom planlegger/ tiltakshaver/ kommunen ønsker flere opplysninger om eksisterende distribusjonsanlegg/ behov for nye anlegg, kan det tas kontakt med BKK Nett AS ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrand på mobil 95 16 38 68 eller e-post jee@bkk.no


Det er viktig at eventuelle behov for omlegginger, forsterkninger, endringer av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen
BKK NETT AS


Jan Arne Salhus
Spesialrådgiver



Jon Egil Einestrand
Områdeansvarlig

Vedlegg kartskisse



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000





Kartskisse Åsgard småbåthavn

Målestokk:
1: 2 500

Dato:
13.04.2015



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000



Anja Vik

Fra: Einestrand Jon Egil <Jon-Egil.Einestrand@bkk.no>
Sendt: 6. mai 2015 23:40
Til: Anja Vik
Emne: SV: Planoppstart Åsgard småbåthamn, Lindås kommune
Vedlegg: Kartskisse Åsgard småbåthavn.pdf

Hei igjen

Det var ikke så enkelt å finne nettstasjonen her da den ikke var lagt inn.
Det er imidlertid ved mast L833-11-5-14-1 den ligger.

Har lagt ved ny kartskisse som viser nettstasjonen/ transformator i mast.

Eksisterende nettstasjon er en mastetrafo, transformator i mast.
Da gjelder avstandskrav på lik linje med 22 kV luftledning.
Se standardformulering ved denne type anlegg:

«De høyspennings luftledningene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Ledningene har et byggeforbudsbelte på 16 meter, 8 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet må registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jf. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2, eller som en hensynssone (faresone)»

Legger også inn informasjon vedrørende avstand fra nettstasjoner med transformator i kiosk (eget bygg/ hus)/ frittstående nettstasjon dersom det er aktuelt å etablere ny frittstående nettstasjon/ kiosk i området:
Se standardformulering ved denne type anlegg:

«For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende utstikk som er direkte knyttet til huset og som er brennbar. Nettstasjon kan stå i en avstand av minst 3 m fra bygninger med ikke brennbare overflater, og kan stå inntil bygning når veggen som vender mot transformatoren er utført i brannteknisk klasse minste REI 60/A2-s1 eller tilsvarende. Avstanden kan være minst 1 m fra mindre viktig bygning og garasje for inntil to biler når veggen som vender mot transformatoren er ubrennbar og avstand mellom garasje/ mindre viktig bygning og viktig bygning er minst 2 meter.»

Ut fra type anlegg på stedet, er det byggeforbudsbelte på 16m, 8 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter som gjelder.
Avstandskrav er å anse som et minimum og vil anbefale å trekke bolig så langt som mulig fra linje/ mastetrafo.

For å kunne gjøre beregninger i nettet, må vi ha opplysninger om alle eksisterende og nye planlagt uttak i området.
Dette kan vi komme tilbake til.

Ta gjerne kontakt igjen dersom flere spørsmål.

Vennlig hilsen

Jon Egil Einestrand
Spesialrådgiver
Planansvarlig Distribusjon

BKK Nett AS | Postboks 7050, 5020 Bergen | T: 55128118 | M: 95163868 | www.bkk.no

Fra: Anja Vik [mailto:av@ardarealplan.no]
Sendt: 6. mai 2015 09:44
Til: Einestrand Jon Egil
Emne: Planoppstart Åsgard småbåthamn, Lindås kommune


Hei.

Viser til deres merknad til planoppstart for Åsgard småbåthamn, i Lindås kommune.
Hvor står nettstasjonen plassert i området? Ser ikke den på kartet. Er det L833-11-5-14-1?
Vi planlegger for en bolig i nærheten av dette punktet. Er det noen krav til avstand, etc.?
Hvordan er dekningen på nettet i området?

Med beste helsing
Anja Vik
arealplanleggar

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114 · 5008 Bergen · **OBS! Ny adresse**
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 454 48 769

This message and any attachment is intended for the person(s) named above only. It may contain information that is confidential or legally privileged. If you have received this communication in error, please erase all copies of the message and its attachments and notify us immediately. Thank You. This footnote confirms that the email and attachment(s) has been swept by our anti-virus solution for the presence of known computer viruses.



Kartskisse Åsgard

Målestokk:
1: 2 500

Dato:
06.05.2015



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000

